

Justis- og beredskapsdepartementet  
Berit Johansen

Dykkar ref.

Vår ref.  
22/60-4/KES

Dato  
25.04.2022

## Høyring av endringar i domstolstrukturen - førebels fråsegn frå Språkrådet

Me syner til eit brev som Justis- og beredskapsdepartementet skreiv til ulike høyringspartar 26. januar i år.

Språkrådet oppfattar situasjonen slik at det er usikkert kva som blir utfallet av den saka som er teken opp i høyringsdokumentet, det vil seia om det blir ei fullstendig eller delvis gjeninnføring av den tidlegare domstolsstrukturen eller om ein kjem ein til å «beholde dagens struktur i hver enkelt rettskrets». (Jf. med punktet 3.2.1 i høyringsnotatet.)

Viss det blir vedteke ei gjeninnføring av den opphavlege strukturen - eventuelt ei delvis gjeninnføring, ber Språkrådet om høve til å komma tilbake til spørsmålet om kva dei ulike krinsane bør heita.

I den siste revisjonen vart det i ein del tilfelle ei uheldig namnsetjing av dei nye tingrettskrinsane. Som døme kan nemnast dette at *Hordaland tingrett* vart teke i bruk som namn på ein krins som omfattar berre ein del av tidlegare Hordaland fylke og at namnet *Sør-Rogaland tingrett* vart knytt til ein krins som ikkje berre dekkjer det området som tradisjonelt er kalla *Sør-Rogaland*, men òg ein del av Nord-Rogaland og i tillegg kommunen Sirdal i Agder fylke. Me syner til det me skreiv i det merknadsbrevet me sende til departementet 1. september 2020. Der peika me blant anna òg på det uheldige som låg i dette å la *Borgarting lagdømme* bli nytta som namn på eit område som ikkje omfattar tidlegare Østfold fylke. (Namnet *Borgarting* har utgangspunkt i det gamle bynamnet *Borg* som tidlegare vart brukt om den byen som i dag heiter *Sarpsborg*.) Ei fullstendig eller delvis gjeninnføring av den tidlegare domstolsstrukturen vil gjera det nødvendig å sjå nærare på dei namneformene som det då kan vera aktuelt å ta i bruk. Språkrådet tek gjerne eit møte med dykk om namneformene.

Vennleg helsing

Åse Wetås  
direktør

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakar:**  
Justis- og  
beredskapsdepartementet